



AUSTRHEIM KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

- Møtedato: 30.november 2022 kl. 08.35 – 11.45
- Stad: Kommunehuset, møterom Børilden/Baløyna
- Deltakarar: Gunnstein Sætre (leiar), Jan Erik Espelid (nestleiar), Inger Aasen (medlem), Britt M. Skaalevik Lerøy (medlem)
- Forfall: Morten Hodnekvam (medlem)
- Andre: Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug (i sak 56 – 59/22) Økonomisjef Odd Harald Dommersnes (sak 56/22 og 59/22)
- Revisor: Forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland, Vestlandsrevisjon IKS
- Sekretariatet: Torbjørg Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS

INNHALD

52/22 Godkjenning av innkalling og sakliste	2
53/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 21.09.22.....	2
54/22 Meldingssaker	3
55/22 Statusorientering forvaltningsrevisjon.....	3
56/22 Tilbakerapportering: Orientering om oppfølging av tilrådingar etter etterlevingskontroll med tema sjukelønsrefusjonar 2020	4
57/22 Tilbakerapportering: Orientering om statsforvaltaren sin rapport om spesialundervisning / dokumentettersyn	4
58/22 Tilbakerapportering: Status om oppfølging av tilrådingane i rapport eigarskapskontroll.....	5
59/22 Aktuelle saker i Austrheim kommune	6
60/22 Møteplan / årsplan for 2023	7
61/22 Møteprotokollar frå politiske utval	8
62/22 Eventuelt	8



52/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møtet i kontrollutvalet 30.11.2022 er godkjent.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

SAMRØYSTES VEDTAK

Innkalling og sakliste til møtet i kontrollutvalet 30.11.2022 er godkjent.

53/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 21.09.22

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 21.09.2022 er godkjent slik den ligg føre.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 21.09.2022 er godkjent slik den ligg føre.



54/22 MELDINGSSAKER

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Sekretariatet informerte om NKRF sin kontrollutvalskonferanse

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

55/22 STATUSORIENTERING FORVALTNINGSREVISJON

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering
2. Kontrollutvalet ynskjer statusoppdateringar om framdrifta i arbeidet i samband med møte framover.

BEHANDLING I MØTET

Forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland orienterte om at det har vore gjennomført oppstartsmøte med administrasjonen. Prosjektet er no godt forankra i administrasjonen og dokumentasjon er henta inn. Det vil bli gjennomført intervju og spørjeundersøking i starten på 2023.

Kontrollutvalsmedlemmene kommenterte, stilte spørsmål og fekk svar hjå revisor.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering
2. Kontrollutvalet ynskjer statusoppdateringar om framdrifta i arbeidet i samband med møte framover.



56/22 TILBAKERAPPORTERING: ORIENTERING OM OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR ETTER
ETTERLEVINGSKONTROLL MED TEMA SJUKELØNSREFUSJONAR 2020

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Kommunedirektør, Bjørnar Fjellhaug, og økonomisjef, Odd Harald Dommersnes, var til stades i saka og informerte samt svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kommunen arbeider med å få inn gode rutiner med bl.a leiaravtalar og betre oppfølging av eigenmelding som skal leverast digitalt. Kommunen har etablert tettare samarbeid med Nav.

Det er gjennomført medarbeiderkartlegging med 10-faktor undersøkinga. Rapporten skal presenterast i alle einingar.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

57/22 TILBAKERAPPORTERING: ORIENTERING OM STATSFORVALTAREN SIN RAPPORT
OM SPESIALUNDERVISNING / DOKUMENTETTERSYN

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter 60/22

Kommunedirektør, Bjørnar Fjellhaug, var til stades i saka og svara på spørsmål. Tilsvaret frå kommunen ligg ved protokollen.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



58/22 TILBAKERAPPORTERING: STATUS OM OPPFØLGING AV TILRÅDINGANE I RAPPORT EIGARSKAPSKONTROLL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 59/22

Kommunedirektør, Bjørnar Fjellhaug, orienterte om eigarskapsmeldinga som er vedteken 15.09.2022 for 2022-2024. Denne var revidert sist i 2016. I den nye kommunelova kap.26 Eigarstyring §26-1, står det at kommunar og fylkeskommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret eller fylkestinget.

No ligg det inne som rutine at den skal oppdaterast ved neste kommunestyreperiode.

Kontrollutvalsmedlemmene kommenterte, stilte spørsmål og fekk svar.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering



59/22 AKTUELLE SAKER I AUSTRHEIM KOMMUNE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Handsama etter sak 56/22

Kommunedirektør, Bjørnar Fjellhaug og økonomisjef, Per Harald Dommersnes, informerte om:

- Ny kommunalsjef for helse og velferd startar 01.01.23
 - Ny leiar på teknisk drift startar 01.01.23
 - Kommuneoverlege vil frå 01.01.23 være tilsatt i 50 % stilling
 - Innkjøp; fleire rammeavtaler på plass
 - Fleire politiske vedtak i kommunestyret blir ikkje gjennomført
 - Skal bli utarbeidd kommunedelplan for omsorg og helsevelferds tenestene
 - Lånegjelda til kommunen blir redusert i år
 - Vedlikehald på kommunale bustader – slitt bustadmasse
 - Buset 25 flyktningar i januar 2023. utfordringar kring bustadmarknad
 - Byggeprosjekt på skulane er i gang
 - Vedlikehaldsplan for alle kommunale bygg
 - Inngått strategisk samarbeidsavtale med Nav
 - I dag er det 16 lærlingar i kommunen
 - Folketalet i kommunen går ned, folk flyttar frå kommunen
-

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



60/22 MØTEPLAN / ÅRSPLAN FOR 2023

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023 slik den ligg føre. Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å endre dato for møte ved behov.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta møteplanen og endra møtedag til fredag. Sekretariatet set opp forslag til datoar for møta.

Ny møteplan er vedlagt protokoll.

Basert på dette la utvalet fram følgande framlegg til vedtak: *Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023, med endra dag til fredag. Sekretariatet set opp datoar for møta. Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å endre dato for møte ved behov.*

VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023, med endra dag til fredag. Sekretariatet set opp datoar for møta. Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å endre dato for møte ved behov.



61/22 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Denne saka vart ikkje behandla

SAMRØYSTES VEDTAK

Ingen vedtak i denne saka

62/22 EVENTUELT

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Unnateke off.
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Dykkar ref.:
2021/17295

Vår ref.:
21/1338 - 42 / AUK

Dato:
30.11.2022

Svar på Endeleg tilsynsrapport - spesialundervisning - PPT

Syner til endeleg svar, vedtak, på tilsynsrapport, «Spesialundervisning: Utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen». Fensfjorden PPT har gått grundig gjennom rapporten og brukt denne som grunnlag i utviklingsarbeidet på avdelinga vår. Me har gått gjennom alle punkta og drøfta desse, kome med synspunkt og løysingar til korleis me skal jobbe for å oppfylle krava i regelverket. På bakgrunn av dette har me gjort endringar i rutinene våre og innhaldet i dei sakkunnige vurderingane.

Me er veldig glad for at krava i regelverket for systemarbeidet vårt er oppfylte og vil fortsetje å utvikle dette arbeidet i den retninga me allereie er byrja på.

De gjev Fensfjorden PPT pålegg om å rette opp ein del punkt kring utarbeiding av sakkunnige vurderingar. U.t har sett opp desse punkta og kommenterer korleis me har retta opp i desse:

PPT utarbeider sakkunnige vurderingar så snart som mogeleg i dei tilfella opplæringslova krev det.

- Me har endra fagsystemet der 3 mnd frist nye saker kjem opp på sakshandsamar si side som varsel.
- Sakshandsamar skal i minst mogeleg grad arbeide med fleire saker samstundes, men gjere ferdig utgreiinga før ein byrjar på ny sak.
- Me har laga nye rutinar for ei basis-utgreiing for alle tilmeldte born som sakshandsamaren må følgje (sjå vedlegg om basisutgreiing).
- Nye saker vert drøfta i teamet.
- PPT har intern gjennomgang på alle born med spes.ped timar som skal ha ny sakkunnig vurdering i des/jan før skulestart til hausten. Desse vert gått gjennom med skulane i januar slik at ein har fullstendig oversikt. Ny sakkunnig vurdering for born med spes.ped skal vere ferdig 1. april (skulestart august).
- PPT har gjennomgått interne rutinar omkring dokumentasjon av uventa opphald i sakene t.d at kartleggingsskjema ikkje vert returnert. Slike opphald må journalførast.

Elevane får gi uttrykk for meininga si når PPT greier ut og vurderer behovet for spesialundervisning.

- Eleven si stemme er fast punkt i basisutgreiinga for PPT og vert gjennomført som samtale/intervju/aktivitet med eleven og sakshandsamar. Nokre gonger er føresette med (sjå vedlegg om basisutgreiing).



- Mal for sakkunnig vurdering har punktet Elevens stemme og syner til Opplæringslova §5-4, FNs barnekonvensjon artikkel 12 og Grunnlova §104 (sjå vedlegg mal for sakkunnig vurdering).
- Me har utvida materiale me nyttar til eleven si stemme med å nytte Statped si visuelle kartlegging «Sånn vil eg ha det på skulen» (statped.no), samt at me nyttar meir relevante og spissa spørsmål i Elevens sjølvvurdering som går på korleis eleven opplever å få spesialpedagogisk hjelp, korleis dei ønskjer å få denne hjelpa, korleis dei ikkje vil ha hjelp, korleis dei opplever å jobbe åleine, med læringspartnar, i gruppe, åleine med lærar ute/inne i klasserom, korleis dei lærer best.

PPT legg vekt på synspunkta til elvar under 15 år i samsvar med eleven sin alder og modning og stor vekt på synspunkta til elevar over 15 år og foreldra til elevar under 18 år, når dei vurderer og tilrår spesialundervisning.

- Utsegn og synspunkt som eleven har ytra i samtale med sakshandsamar, men også med føresette og skule vert lagt vekt på, særleg når det gjeld korleis eleven skal få den spesialpedagogiske undervisninga. Dette vert spesifisert i den sakkunnige vurderinga under punktet «Organisering av den spesialpedagogisk undervisninga». Dette vert også presisert på tilbakemeldingsmøte etter utgreiing med føresette og skule.

PPT opplyser sakene så godt som mogeleg før dei utarbeider sakkunnige vurderingar.

- Basisutgreiinga har med inntaksamtale med føresette (og elev), anamnese, samtale med elev, observasjon i klasserom, samtale med kontaktlærar (og andre), rapporteringar frå føresette, eleven og skule. Dersom det er behov for vidare kartlegging og testing må dette avklarast med føresette (sjå vedlegg om basisutgreiing og inntakssamtale).
- Sakene har ofte vore drøfta på skulen sitt ressursteam og sakshandsamar kjenner såleis til saka i dei fleste tilfella. Kontaktperson for skulen er i utgangspunktet sakshandsamar for tilmeldte saker.
- Synspunkt til eleven vert formidla, ofte på tilbakemeldingsmøte med føresette og skule, der sakshandsamar skisserer kva den sakkunnige vurderinga kjem til å tilrå.

Dei sakkunnige vurderingane inneheldt ei utgreiing om kva utbyte elevane har av den ordinære opplæringa.

- PPT har endra malane for dei sakkunnige vurderinga med hjelpetekst for å kunne underbygge ei betre utgreiing om kva utbyte elevane har av den ordinære opplæringa. Syner til mal for sakkunnig vurdering (sjå vedlegg mal for sakkunnig vurdering).

Dei sakkunnige vurderingane inneheldt ei utgreiing av, og ei tilråding om kva opplæringsmål som er realistisk for elevane.

- PPT har endra malane for dei sakkunnige vurderingane med hjelpetekst for å kunne underbygge ei betre utgreiing av, og tilråding om kva opplæringsmål som er realistisk for elevane. Syner til mal for sakkunnig vurdering (sjå vedlegg mal for sakkunnig vurdering).

Dei sakkunnige vurderingane inneheldt ei utgreiing av, og ei tilråding om kva opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod.

- PPT har endra malane for dei sakkunnige vurderingane med hjelpetekst for å kunne underbygge ei betre utgreiing av, og ei tilråding om kva opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod. Syner til mal for sakkunnig vurdering (sjå vedlegg mal for sakkunnig vurdering).

Dersom noko er uklart eller behov for utdjuing, meir dokumentasjon, ta kontakt med underteikna.

Med helsing

Audhild Kolaas
leiar PPT

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Sakkunnig vurdering

Basiskartlegging ved utgreiing Fensfjorden PPT

Inntakssamtale

Mottakere:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER



Møteplan 2023

Austrheim kontrollutval

Faste saker på kvart møte er:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Godkjenning av protokoll frå sist møte
3. Meldingssaker
4. Orientering frå/dialog med ordførar og rådmann
5. Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Dato	Planlagde / pålagde saker (i høve lov og forskrift)
17. feb.	Rapport/orientering om interimrevisjon 2022 Årsrapport kontrollutvalet Årsrapport kontrollutvalssekretariatet – orienteringssak Orientering: Status for årsrekneskapen 2022 / KØB (Kommunal økonomisk berekraft) Statusorientering: forvaltningsrevisjonsprosjekt Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet – orientering
5. mai	Årsrekneskap og årsmelding – uttale frå kontrollutvalet Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2022 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2024 Statusorientering: forvaltningsrevisjonsprosjekt
16. juni	Rapport: Forvaltningsrevisjon Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2022 (<i>mogeleg tidlegare</i>) Oppdatere møteplan for hausten ved behov
22. sep.	Overordna revisjonsstrategi 2022 Revisor sin uavhengighet Oppfølging av rapport om årsrekneskapen + eventuelle revisjonsmeldingar Aktuelle eksterne tilsynsrapportar Sluttevaluering – innspel til nytt kontrollutval
<i>Okt/nov</i>	<i>Folkevaldopplæring kommunestyret</i>
15. nov.	Orientering frå sekretariatet om mandat og rutiner (<i>arbeidsfordeling mellom administrasjon, kommunestyret og kontrollutvalet m/sekretariat</i>) Orientering frå revisor Engasjementsbrev frå revisor Oppsummering perioden 2019 – 2023 Orientering om internkontroll frå kommunedirektør Dialog med ordførar Møteplan for kontrollutvalet 2024 Orientering om oppfølging av tilrådingar etter etterlevingskontroll 2022 Orientering om aktuelle kurs Orientering om sentrale tenesteområder og/eller aktuelle investeringsprosjekt



Andre aktuelle orienteringsaker:

Økonomi og HR

Sentralarkiv

Orienteringar om organisering, internkontroll og pågåande utviklingsarbeid innan tenesteområda:

- Oppvekst og kultur
- Helse og omsorg
- Teknisk, plan og byggesak

Andre saker, fortløpande ved behov:

Tilsynsrapporter frå eksterne

Eventuelle nummererte brev

Fortløpande orienteringar frå revisor

Fortløpande orienteringar frå sekretariatet

Eventuelle innmeldte saker frå innbyggjarane el andre eksterne

- Planen er godkjent med atterhald om endringar undervegs.

- Tema/saker til handsaming vert avklart med kontrollutvalsleiar før innkalling til møtet vert sendt ut.

- Møtedagar i Austrheim kommune

Kontrollutvalet: fredag (kl. 08.30 - 12.00)

Kommunestyret: torsdag

Formannskap: torsdag

Fra: Torbjørg Grøttveit Gjerstad
Sendt: mandag 5. desember 2022 11:45
Til: Gunnstein Sætre; jespe62@hotmail.com; britt.leroy@hotmail.no; mhodnekv@gmail.com; inger.aasen@gmail.com; Per Lerøy; Ragnhild Kartveit Høyland; Janne Eraker
Kopi: jan_30001@hotmail.com; Marita Bru; mstorebo@outlook.com; hege ramsland; egsetre@gmail.com; Bjørnar Fjellhaug; Post Austrheim; redaksjonen@strilen.no; redaksjonen@nordhordland.no
Emne: Austrheim kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 30.11.2022
Vedlegg: 2022 11 30 Protokoll Austrheim kontrollutval med vedlegg.pdf

Til medlemmer i kontrollutvalet, ordfører og revisor (Vestlendsrevisjon IKS)

Kopi: Varamedlemmer, kommunedirektør, postmottak, Avis Nordhordland, Avis Strilen

Vedlagt er:

Møteprotokoll frå møtet i kontrollutvalet 30.11.2022

Neste møte i kontrollutvalet er **fredag 17.02.2023**. Merk at møtedato er endra til fredag.

Møteplan 2023 ligg ved i protokollen

Meir informasjon om møteplan og protokollar finn du på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga:

[Austrheim kommune - Politikk og administrasjon](#)

Med venleg helsing

Torbjørg Grøttveit Gjerstad

Kontrollutvalssekretariatet | Region Nordhordland

Mobil +47 97 17 82 43 | www.regionnordhordland.no